
Saknr: 2020/44826-2
Saksbehandlar Torill Klinker
Dato: 18.03.2020

Til: Hovudutval for samferdsle og mobilitet

Frå: Fylkesrådmannen

Prøveordning for stenging av Bryggen - Torget for biltrafikk

Samandrag

Bystyret vedtok 25.9.2019 å be Byrådet om å vurdere ei prøveordning for stenging av Bryggen for biltrafikk i perioden mai-september. Bystyret peiker på følgjande mål og premisser for tiltaket: Å redusere trafikkbelastinga på Bryggen og generelt i Bergen sentrum, tiltaket bør ikkje berre medføre ei forplanting av trafikk til andre sårbare gater som Øvregaten.

Bakgrunn

Sentrumsgruppa i Miljøløftet har utgreia alternative stengingsprinsipp og anbefaler stenging for biltrafikk over Torget i staden for over Bryggen. Ved stenging over Bryggen er det forventa ei betydeleg trafikkauke i Øvregaten og dette vil ikkje vera foreineleg med premissane for tiltaket. Stenging over Torget vil gje like stor trafikkavlastning over Bryggen, og vil i tillegg fredeleggjere delar av den øvrige bykjerna rundt Vågen. Dette gjev betre moglegheiter for prioritering av kollektivtrafikk, sykkel og gange i indre bykjerne.

Det vert lagt til grunn at kollektivtrafikken (buss og taxi) kan køyra over Bryggen og Torget som i dag. I tillegg vil det vera tilgjenge for varelevering og lokal tilkomst. Det er føresett ein fleksibel trafikkstyring slik at Bryggen og Torget kan opnast i situasjonar med stenging av Fløyfjellstunnelen. Stenginga medfører utfordringar knytt til trafikkoverføring til samlevegane frå Sandviken mot Fløyfjellstunnelen, samt redusert biltilgjenge for delar av Sandviken. Det vil bli arbeida vidare med vurdering av avbøtande tiltak for å avgrense ulempene.


For å ha praktisk moglegheit til å kunne iverksetje ei prøveordning til sommaren 2020, er det lagt til grunn at ein avgrensar prosjektet til tiltak som er heilt naudsynte for å kunna gjennomføre ordninga. Dette omfattar skilting, trafikkstyring, signalplanar og informasjonsarbeid.

Trafikkberegningane syner at det ikkje er forventa kødanningar i samband Fløyfjellstunnelen ved stenging over Torget i det foreslåtte tidsrommet. Unntaket er potensielt nokre mindre kødanningar på viadukten inn mot Fløyfjellstunnelen på ettermiddag, i overgangen mellom normal kvardag og skuleferie.

Det vert difor anbefalt å leggja opp til ei prøveordning som startar 1. juli og varer i vel 2 månader, og dermed unngå mai og juni. Ein vil då få erfaring med trafikksystemet i sommarferien og i ein normalsituasjon i august/september, då trafikantane til ein viss grad har tilpassa seg den nye trafikksituasjonen. Det bør leggjast opp til å kunne avbryte ordninga dersom den gjev uakseptable trafikkforhold.

Køyremønster

Stenging i snitt over Torget vil innebære at køyring mellom nord og sentrum må gå gjennom Fløyfjellstunnelen. Biltrafikk (utanom buss, taxi og varelevering) som skal til og frå Sandviken-sona må gå via rampene til/frå E39/Fløyfjellstunnelen:



Figur 1. Endringar i køyremønster for bil ved stenging over Torget.

Ei stenging over Torget vil etablere eit sonesystem som mogleggjer endringar i køyremønster og trafikksystem i resten av sentrumsområdet. Det vil bli gjennomført planlegging av aktuelle, framtidige moglegheiter gjennom arbeidet med trafikkplan sentrum. Dette kan resultere i tiltak og permanente omleggingar som kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt.

Konklusjon

Ei prøveordning med stenging over Torget allereie sommaren 2020 er vurdert som gjennomførbar. Det vil gje stor trafikkavlastning og fredeleggjing av heile indre bykjerne. Ordninga krev omfattande planlegging, koordinering med andre planar og tid til å gjennomføre innkjøp og gjennomføring. Det vil vera risiko for forseinkingar, men det vert arbeida vidare med et mål om å rekke gjennomføring til sommaren 2020.

Bystyret skulle etter planen handsama saka den 11. mars, men møtet vart utsett, grunna korona. Forslag til vedtak i saka er som følgjer:

- 1. Det iverksettes en prøveordning med stengning for biltrafikk over Torget i perioden juli - august/september. Dersom det er praktisk mulig kan tiltaket gjennomføres allerede i 2020.*
- 2. Det forutsettes at stengningen ikke gjelder buss og taxi, og at det sikres tilkomst til berørte eiendommer for tidsbegrenset varelevering.*
- 3. Det må legges opp til en fleksibel skiltløsning som gjør det mulig å gjenopprette dagens kjøremønster over Torget på kort varsel i situasjoner når dette er nødvendig, eksempelvis ved stengning av Fløyfjellstunnelen.*
- 4. Det skal gjennomføres en evaluering av prøveordningen. Det må også vurderes om prinsippene i trafikkløsningen kan videreføres på permanent basis som del av en ny trafikkplan for sentrum. Det må avklares hvilke avbøtende tiltak en permanent stengningsløsning krever.*

Vestland fylkeskommune er part i Miljøløftet, og har gjennom administrative fora tilrådd ei gjennomføring av dette prosjektet. Prøveordninga med stenging over Torget og Bryggen berører fylkesvegnettet og særleg fv 577 over Bryggen, men det er Statens vegvesen som har teke på seg byggeleiaransvaret i det aktuelle prosjektet.

Alle kostnader knytt til prosjektet vert dekkja over Miljøløftet sitt budsjett. Taxi og buss i rute vil, som nemnt over, kunna køyra over Torget og Bryggen som i dag.